

## Fråsegn angående konsesjonssøknad for Vestsideelvane og Vigdøla.

Røneid Grunneigarlag er ueinige i ein del av dei konklusjonane som kjem fram i konsesjonssøknaden for Vestsideelvane og Vigdøla.

I søknaden for Vigdøla står det: *"I resten av juli og august er vanntemperaturen høyere i Vigdøla enn i Jostedøla. Vigdøla er hele 3-10 grader varmere enn Jostedøla."*

Og: *"Fraføring av vann frå Vigdøla forventes å gi en liten reduksjon av temperaturen i Jostedøla om sommeren. Denne reduksjonen vil være i størrelsesorden 0,1 grader. Dette er en helt marginal endring."*

Og om fiske: *"Fraføring av varmere vann frå Jostedøla imidlertid vurdert å ha marginal effekt på temperatur og oppvekstvilkår for fisk i Jostedøla. Tiltaket vurderes å ha liten negativ konsekvens for fisk."*

**Me finn det svært usannsynleg at ved å fjerna varmt vatn frå ei kald elv så vil temperaturen mest ikkje endra seg.**

I konsesjonssøknaden for Vestsideelvane står det: *"Midtsommars er vanntemperaturen i sidefeltene i dag 2-6 grader høyere enn i hovudelva. Fraføring av det varmere vannet i sideelvene vil resultere i redusert vanntemperatur i Jostedøla og Krundøla i sommerperioden. I Krundøla er det beregnet at vanntemperaturen i snitt vil falle med 0,5-0,6 grader i juli og august. I Jostedøla vil tilsvarende temperaturfall fra Husøy til utløpet ligge på 0,3-0,4 grader."*

Og vidare om fiske: *"Under normale forhold ventes ikke et temperaturfall på 0,2-0,4 grader i Jostedøla å ha noen vesentlig betydning for tilvekst av aureyng, men i år med lave sommertemperatur kan det ikke utelukkes at en ytterligere senking av vanntemperaturen kan ha en større effekt. Dårlige forhold i enkelte år forventes imidlertid ikke å ha varig betydning for sjøaurebestanden i Jostedøla."*

Og: *"Samlet sett vurderes tiltaket å ha liten negativ konsekvens for bestandene av sjøaure og resident aure i vassdraget. Størst konflikt er knyttet til redusert vanntemperatur i Krundøla, og bortfall av gunstige gyte- og oppvekstområder i Kvernelvi/ Hompedøla."*

**Også her stiller me oss undrande til konklusjonen om eit temperaturfall på kun 0,2-0,4 grader. I forkant av Jostedalsutbygginga tilsa utgreinga at Jostedalselva skulle bli varmare etterpå, men resultatet vart at temperaturen sank med ca 1 grad.**

**Jostedalselva er no så kald at ei ytterlegare senking av temperaturen kan få store konsekvensar for fisket.**

**Avbøtande tiltak.**

**I søknaden er temperaturspørsmålet forsøkt minimalisert og skadane for fisket bagatellisert. Det er ikkje føreslege noko avbøtande tiltak. Det meiner Røneid grunneigarlag må vera eit krav. Det er openbart at temperaturen vil synka meir enn berekningane til Statkraft tilseier og det trengs tiltak for å redusera skadane for fisket.**

**I rapporten om Fiskebiologiske undersøking i Jostedøla hausten 2001 av Bjørn T. Barlaup og Sven-Erik Gabrielsen frå Universitetet i Bergen, går det fram at gyting føregår i stor grad både i hovudløpet til Jostedøla og i sideelvane. I framtida med kaldare elv må gytinga i større grad føregå i sideelvane. I rapporten deira føreslår dei mange ulike tiltak i dei ulike sideelvane og løkane som vil bedra forholda for gyting. I Kvernelvi v/Røneid føreslår dei bygging / vedlikehold av tersklar. I Fønndøla bygging av tersklar og tiltak for å få fisken forbi betongsålen under brua. I Rydøla bygging av tersklar. I Åsmohølen, opprensning av løpet og tillaging av hølar. I Kvernelvi v/Alsmo, grave ut ein djupål, etablere hølar, legge ut gytegrus og eventuelt tilføre sideløpet vatn frå hovudløpet i røyr under veggen.**

**Desse og andre tiltak må vurderast.**

M.v.h.

Røneid Grunneigarlag  
v/ fiskeansvarleg  
Anders Knut Molland  
Skarpamo  
6868 Gaupne